

Leave a positive footprint: Olavsrosa til Isfjord Radio



Isfjord Radio i dag

Særklasse. I grunnen kunne denne reportasjen ha greidd seg med eitt ord: Særklasse.

Tekst og foto: Mathias Øvsteng
mathias@kulturarv.no

ISFJORD RADIO: Eller som styreiar Brita Knutsen Dahl i Basecamp Spitsbergen uttrykkjer det: On Top of It! På Kapp Linné, 50 km vest for Longyearbyen på Spitsbergen, der Isfjorden går over i Polhavet – med Grønland som granne i vest, ligg Isfjord Radio. Ei overveldande rek-

kje med særeigne element prega arrangementet rundt overrekkinga av kvalitetsmerket Olavsrosa 10. juni: Mektig natur, beitande reinsdyr, hekkande ærfugl ein halvmeter frå inngangsdøra, ei mengde sjøfuglar som segla med elegante vengeslag, kvitkinngås, midnattssol, femrettarsmiddag som er på andre sida av alle superlativ, gode samtalar, gode refleksjonar – og Moddi, Pål Knutsen, som bidrog med stor musikalitet og lun formidling av eigen musikk og tekster både av seg sjølv og andre, som for eksempel Helge Stangnes: «Du leitar ikkje i solskinsli når du skal ha emne til krokstav».

På sin måte kan dette stå som ein vignett for heile historia bak Basecamp Spitsbergen og Isfjord

Radio: Det er aldri dei lettvinne løysingane som held best og lengst. Tildelinga av Norsk Kulturarvs kvalitetsmerke er grunngjeven slik: «Basecamp Isfjord Radio får Olavsrosa for restaurering og drift av ein unik radiostasjon der den kulturelle og historiske verdien er godt ivaretaken og formidla».

Styreleiar Turid Øhrn, leiar i fagrådet Jens Peter Ringstad og Christian Ringnes, venn av Isfjord Radio og sjølv Olavsroseinnehavar på Ekebergrestauranten, stod for den høgtidlege utdelinga av diplom og emaljeskilt. Turid Øhrn heldt fram Isfjord Radio som eit godt eksempel på materialiseringa av Norsk Kulturarvs visjon «vern gjennom bruk», og peikte på at

Olavsrosa var eit signal om akkurat det. Ho peikte også på det unike i at dette er den første Olavsrosa som er utdelt på Svalbard. Christian Ringnes brukte uttrykket «godbitten over alle godbiter» om Isfjord Radio, og at staden er krona på verket for Basecamp-konseptet. Svalbard har vore eit samfunn prega av «maskulin mørkhett», sa Ringnes, som slo fast at dette forholdet nå ettertrykkeleg er over – med kvinner som har medverka sterkt til vitalisering av miljøet i nord. Dette er ikkje berre norsk kulturarv – det er verdsarv, meinte Ringnes. Jens Peter Ringstad gjorde greie for kriteria bak Olavsrosa, der ivaretaking, berekraftig bruk og tilgjenge for gjester er sentrale stikkord. Isfjord Radio er eit framifrå eksempel på alt dette, sa Ringstad, som let seg imponere av det som kan kallast både galskap og villskap bak satsinga på Kapp Linné. Under middagen – ein meisterleg komposisjon av stasjonsmeister og kjøkkensjef Hans Christian Munthe-Kaas og hans stab – var det mellom anna helsingar frå reiselivssjef Ronny Brunvoll og Ann Kristin Gjelsten



Svein Wilhelmsen



Dugnadsgjengen samla rundt Olavsrosa. Framme frå v. Turid Øhrn, Brita Knutsen Dahl, Halvor Bakke og Erik Schjerven. Bak frå v. Bård Evertsen, Kjartan Haugen, Jens Peter Ringstad, Végard Slåtta og Thomas Rosjorde.

frå Innovasjon Norge. Svein Wilhelmsen helste bl.a. frå Kenya og India.

Isfjord Radio stod ferdig i 1933 – og var bygd som nettopp det: Ein fyrradiostasjon som først og fremst skulle sørge for tryggare navigering, framskunda etter at eit russisk skip



Guide og dagleg leiar for Basecamp Spitsbergen Steinar Røgmoen

gjekk ned i området året før. Isfjord Radio hadde sjølv sagt også ei strategisk rolle i krigen som kom sju år seinare. Etter evakueringa i 1941 vart bygningane brende eller nedrivne. Stasjonen vart bygd opp att etter krigen – hovudbygget frå 1954 på betongfundament, noko som helst er uvanleg på desse kantar. I 1979 vart satellitt-telefonsambandet til Longyearbyen via Isfjord Radio oppretta. Da breibandteknologien kom med fiberoptikk til Svalbard i 2004, var tida over for Isfjord Radio som hovudrestasjon for telekommunikasjon til og frå Svalbard. Stasjonen hadde vore både heim og arbeidsstad for ymse fagfolk gjennom 60 år. Her hadde mellom fire og 18 personar overvintra kvart år – ein æra var slutt... Stasjonen har likevel ennå funksjon som fjernstyrt kystradiostasjon, med oppgåver også i flysingsteneste.

Det var nå Basecamp Spitsbergen kom inn i bildet. Det viste seg at



Gratulerer med Olavsrosa! Foto: Kjartan Haugen/Basecamp Spitsbergen AS

gründer av Basecamp Explorer, Svein Wilhelmsen – som har 11 anlegg på fire kontinent, hadde ei heldig hand med å velja sine medarbeidarar – eller venner, om du vil. Om Wilhelmsen er det sagt at han gjekk frå grå og sterkt økonomi i

Industrifinans til grøn og sjanseprega økologi i Basecamp Explorer. Vi kan berre ane korleis det var da basecampioneerane kom til Isfjord Radio tidleg på nyåret 2008. Dei var galne nok til å ta fatt, og bestemte seg for å leige anlegget av Store



Frå v. Jens Peter Ringstad, stasjonsmester og kjøkkensjef Hans Christian Munthe-Kaas, Turid Øhrn, Brita Knutsen Dahl og Christian Ringnes

Norske Spitsbergen Kulkompani. Å kalle rydde- og tilflyttingsarbeidet for enormt er gjerne å ta litt forsiktig i. Raskt manifesterte det seg ein dugnadsgjeng av magnumkaliber rundt Isfjord Radio: Ein uvanleg fagsterk og viljefast gjeng, som har stått for over 5 000 kvalifiserte dugnadstimar – i eit spekter frå snikkar til interiørarkitekt, frå røyrleggjar til fargeekspert. Brita Knutsen Dahl streka sterkt under at dugnadsgjen- gen har vore alfa og omega for Isfjord Radio, slik stasjonen er vor- ten. – Det er viktig å vera venner, og det er viktig å nå mål i lag, sa ho.

Når vi i dag stig i land ved Isfjord Radio, ser vi det meste som det var: Kaianlegget, hovudhuset, antennene, polarbrakka. Innomhus møter vi smakfullt interiør, komfor- table møblar, moderne baderom. Her er 49 komfortable gjestesenger i 23 rom fordelt på fire bygningar. 12 000 gjestedøgn har det vorte sia starten i 2008. Dette er den nye bruken – det er vern gjennom bruk, med autentisitet og pietet overfor det som var. Vi må medgje at vi er litt andaktsfylte ved avreise, og legg oss valspråket til Baxecamp Explorer på minne: «Leave a positive foot- print»... ☺



Moddi